



Arkivnr: 2015/8551-23

Saksbehandlar: Solveig Lohne Rongved, David Aasen Sandved

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.01.2016

Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) - Prioritering av søknader til Riksantikvaren 2016

Samandrag

Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) er ei nasjonal satsing på skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne i regi av Riksantikvaren. I sak 280/12 november 2012 vedtok Fylkesutvalet ei prioriteringsliste for BARK-ordninga. Det er krav om at kulturminne står på denne lista for at det skal vera mogleg å søkja midlar til prosjektet. I sak 129/14 oktober 2014 vedtok Fylkesutvalet ei regional tilpassing av tilskotsordninga med betre lokal forankring. I sak 95/2015 vedtok Fylkestinget å setje av kr 200.000,- til BARK-ordninga. Når vedtaket frå Riksantikvaren ligg føre kan administrasjonen fremja ny sak for fordeling av desse midla i høve til regionale prioriteringar.

For 2016 har Hordaland fylkeskommune mottatt elleve søknader på til saman kr. 726.550,- frå åtte ulike kommunar. Dette er ei auke frå 2016, då det vart mottatt seks søknader frå fem ulike kommunar. Hordaland fylkeskommune har òg motteke framlegg til endring av prioriteringslista frå ein kommune, og har sjølv spelt inn tre nye kulturminne til lista.

Forslag til vedtak

- Utval for Kultur, idrett og regional utvikling reviderer vedteken prioriteringsliste for Bevaringsprogram for utvalte arkeologiske kulturminne til å inkludera følgjande kulturminne:
 - Håkonshaugen i Lindås kommune (Askeladden-ID 66400)
 - Kulturminne på Vinje i Voss kommune (Askeladden-ID 64255, mfl.)
 - Pikhaugen på Halsnøy i Kvinnherad kommune (Askeladden-ID 6391)
 - Gravhaug på Lunde i Voss kommune (Askeladden-ID 60499)
- Utval for Kultur, idrett og regional utvikling sender alle innkomne søknader vidare til Riksantikvaren med følgjande prioritering.
 - Kulturminne på Rommetveit
 - Sokkamyro, Bømlø
 - Håkonshaugen, Lindås
 - Alle øvrige prosjekt er prioritert likt av Hordaland fylkeskommune. Der det er kome inn fleire søknader frå same kommune ber Utval for kultur, idrett og regional utvikling om at det vert lagt vekt på kommunal prioritering.

3. Hordaland fylkeskommune vil i 2016 prioritera oppfølging av dei omsøkte prosjekta, samt ferdigstilling av fleirårige prosjekt som vart starta opp i 2015.
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber administrasjonen om å fremje ny sak om fordeling av kr 200.000,- til BARK-ordninga etter at dei nasjonale prioriteringane ligg føre.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 14.12.2015

Bakgrunn

Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne – BARK – er ei tiårig satsing på skjøtsel og tilrettelegging i regi av Riksantikvaren med midlar frå statsbudsjettet kapittel 1429 post 70. Fylkeskommunane, Sametinget og landsdelsmusea har høve til å søkja om midlar til dokumentasjon, skjøtsel og sikring, formidling, tilrettelegging og FoU-prosjekt frå ordninga.

I 2012 vart det utarbeidd ei prioriteringsliste over kulturminna som er aktuelle for skjøtsel og tilrettelegging i Hordaland. Kommunane vart invitert til å koma med innspel til lista, og fylkesutvalet vedtok prioriteringa i sak 280/12 21.11.2012. 30.10.2014 vedtok fylkesutvalet nye fylkeskommunale søknadsprosedyrer for BARK for å forankra prosjekta betre lokalt. Det vart utarbeidd eit søknadsskjema og informasjon om ordninga vart lagt ut på nettsidene til fylkeskommunen. I tråd med retningslinjene skal Utval for kultur, idrett og regional utvikling (tidl Kultur- og ressursutvalet) avgjera kva søknader som skal prioriterast etter innstilling frå fylkesrådmannen.

Ved prioritering skal det leggjast vekt på følgjande moment (i uprioritert rekkefølge):

- *Tiltak med særleg høge opplevingsverdiar og stort formidlingspotensiale*
- *Tiltak med stort lokalt engasjement*
- *Tiltak i kommunar der det ikkje tidlegare er skjøtta- og tilrettelagte arkeologiske kulturminne*
- *Tiltak med universell utforming*
- *Kulturminne som er prioriterte av kommunane*

I tillegg er det krav om at det skal vera starta opp arbeid med kulturminneplan i den aktuelle kommunen, samt at det aktuelle kulturminnet skal stå på BARK-prioriteringslista. Eitt av dei omsøkte prosjekta står ikkje på denne lista, men kommunen har søkt om å få det aktuelle kulturminnet sett inn på BARK-lista. Søknaden er inkludert i denne saka og presentert under «Revisjon av prioriteringsliste for Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne».

Oversikt over innkomne søknader for 2016 (i vilkårleg rekkefølge)

Hordaland fylkeskommune har motteke totalt 11 søknader om BARK-midlar for 2016.

<i>Sokkamyro - forprosjekt for formidling av steinalderbuplass</i>	Bømlo kommune	(74.800,-)
<i>Håkonshaugen - Universell tilrettelegging gravhaug</i>	Lindås kommune	(350.000,-)
<i>Bygdeborg på Tjørndalshaugen - Kulturminneskilt</i>	Odda kommune	(62.550,-)
<i>Kolgroper på Hesjabakk - Kulturminneskilt og rydding</i>	Odda kommune	(62.550,-)
<i>Kongshaugen på Apold - Kulturminneskilt og rydding</i>	Odda kommune	(29.150,-)
<i>Kulturminne på Istertveit - Kulturminneskilt og rydding</i>	Sveio kommune	(19.000,-)
<i>Bygdeborg på Børshovda - Kulturminneskilt</i>	Sveio kommune	(18.500,-)
<i>Kulturminne i Leirvik - Kulturminneskilt</i>	Meland kommune	(36.000,-)
<i>Årbakkasanden - Rydding av gravfelt</i>	Tysnes kommune	(12.000,-)
<i>Kulturminne på Rommetveit - Kulturminneskilt</i>	Stord kommune	(42.000,-)
<i>Vindenes - Kulturminneskilt øydegard</i>	Fjell kommune	(20.000,-)

TIL saman er det komme inn søknader til ein sum av: 726.550,-

I alle prosjekta er det gjennomført møter og/eller synfaringar med fylkeskommunen i forkant av søknadstidspunktet. Alle søknadene fyller krava til rett søkjar og kulturminneplan og alle søknadene er prioritert av kommunen. I 10 av søknadene står det aktuelle kulturminnet på BARK-lista. I den resterande søknaden har kommunen spelt inn ynskje om revisjon av lista for å få det aktuelle kulturminnet inn på lista.

Finansiering

Det er krav om 50% eigenfinansiering av prosjekta. Denne eigenandelen kan vera arbeidsinnsats frå kommunane, dugnadsarbeid, eller andre midlar. Hordaland fylkeskommune støttar prosjekta gjennom utarbeiding av skjøtselsplanar, rådgjeving og oppfølging av prosess, synfaringar og møter med kommunane, kontroll og godkjenning av skilttekstar, med meir. I sak 95/2015 vedtok Fylkestinget å setje av kr 200.000,- til BARK-ordninga. Når vedtaket frå Riksantikvaren ligg føre kan administrasjonen fremja ny sak for deling av desse midla i høve til regionale prioriteringar.

Revisjon av prioriteringsliste for Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne

I 2012 vart det gjennomført ei kartlegging av alle aktuelle tilretteleggingsprosjekt i fylket. Kommunane vart invitert til å koma med innspel og det vart utarbeidd ei liste med prioritering. Lista vart vedteken av fylkesutvalet i sak 280/12 21.11.2012. Utarbeidinga av prioriteringslista var ei bestilling frå Riksantikvaren knytt opp mot etableringa av BARK.

Ei slik liste kan aldri vera statisk. Nokre prosjekt kan visa seg å ikkje vera mogleg å gjennomføra på ein god måte, og nye kulturminne kan fanga interessa til lokalsamfunna. Lista skal spegla ikkje berre fylkeskommunen sine prioriteringar som regional kulturminnemynde og omsynet til geografisk, tematisk og tidsmessig balanse, men òg lokale prioriteringar og ynskjer. Etersom lista er politisk vedteken må endringar skje gjennom politisk sak. Det er komme fleire innspel til endringar i denne lista:

Kulturminne som er ynskt inn på prioriteringslista:

- | | |
|---|-------------------------------------|
| ▪ Håkonshaugen i Lindås kommune | Innspel frå Lindås kommune |
| ▪ Kulturminne på Vinje i Voss kommune | Innspel frå Hordaland fylkeskommune |
| ▪ Pikhaugen på Halsnøy i Kvinnherad kommune | Innspel frå Hordaland fylkeskommune |
| ▪ Gravhaug på Lunde i Voss kommune | Innspel frå Hordaland fylkeskommune |

At det kjem innspel om ynskte endringar i lista er eit teikn på sterkt lokalt engasjement. Kombinasjonen av regionale og lokale prioriteringar og godt samarbeid mellom desse nivåa er viktig for å få gode prosjekt innan tilrettelegging og formidling av kulturminne. Fylkesrådmannen vil difor tilrå at alle dei framlagte prosjekta vert ført inn på BARK-lista.



Illustrasjon til formidlingsskilt for gravrøys i Stord kommune. (Ill.: Arkikon/Stord kommune).

Prioritering

Alle dei aktuelle prosjekta er prioritert av kommunen og har kvalitetar som gjer dei høgt prioritert for Hordaland fylkeskommune. Alle søkjarane har hatt dialog med fylkeskommunen.

Etter ei samla vurdering finn fylkesrådmannen at alle søknadene fyller krava til tilskot. Alle søknadene er i utgangspunktet like høgt prioriterte av Hordaland fylkeskommune. Likevel er det sett opp tre prosjekt som er prioritert høgast.

1) Kulturminne på Rommetveit, Stord kommune (42.000,-)

Stord kommune søkte om midlar til dette prosjektet i 2015. Riksantikvaren gav avslag på søknaden men oppmoda om at det vart søkt på nytt i 2016. Stord kommune prioriterer tiltaket høgt og har gjennomført delar av prosjektet med egne midlar. Etersom prosjektet er oppmoda om å søkje på nytt er dette høgast prioritert for tilskot i 2016

2) Sökkamyro, Bømlo kommune (74.800,-)

Det har i ei årrekke vore planlagt ei vidareutvikling av den eksisterande tilrettelegginga av Sökkamyro. Grunna manglande kapasitet har dette ikkje vorte gjennomført. Den noverande tilrettelegginga fungerer dårleg, og gjer lite for å synleggjera den store vitskaplege verdien til kulturminnet. Ein opplever at det er stor vilje lokalt til å få gjennomført prosjektet.

3) Håkonshaugen, Lindås kommune (350.000,-)

Prosjektet har svært gode kvalitetar i høve til universell utforming, og vil gjera eit kjent og kjært kulturminne i kommunen tilgjengeleg for nye brukargrupper. Det er fokuset på universell utforming som gjer at denne søknaden er trekt fram i høve til prioritering. Kommunen har heller ikkje andre tilrettelagte kulturminne.

4) Dei resterande innkomne søknadene er likestilt prioritert av Hordaland fylkeskommune.

To av kommunane har søkt tilskot til fleire prosjekt, Odda kommune har sendt tre søknader og Sveio kommune har sendt to søknader. Kommunane som har sendt fleire søknader har sjølv gjort prioriteringar for prosjekta dei søker om.

Sveio kommune har sett opp følgjande prioritering for egne søknader:

1. Bygdeborg på Børshovda
2. Kulturminne på Istertveit, Sveio

Odda kommune har sett opp følgjande prioritering for egne søknader:

1. Kolgroper på Hesjabakk
2. Likestilt prioritering mellom Bygdeborg på Tjørndalshaugen og kongshaugen på Apold

Søknadsprosedyre

Kommunar og lokale organisasjonar hadde søknadsfrist 1. november 2015 for å senda søknader til fylkeskommunen. Grunna at denne frista er endra frå 2014 er det tatt i mot søknader fram til og med fjorårets søknadsfrist; 1. desember. Søknadsfrist til Riksantikvaren for BARK er normalt 15. januar. Grunna trongen til politisk handsaming av søknadene har Hordaland fylkeskommune søkt om og fått utsett frist til 25. januar 2015. Søknaden vert sendt til Riksantikvaren innan denne frista og vedtaket til KIRU vert lagt ved søknaden. Ein vil be Riksantikvaren om å leggje til grunn KIRU sitt vedtak i saka ved tildeling av midlar i Hordaland.